


200 kg fisk fått i Uskedalselva.

05.07.2016



Det har vore godt fiske i elva

**Det er no rapportert at det er fått 199,62 kg fisk i Uskedalselva etter opninga 15.juni. Medan det første tida vart teke mest aure, er det no laks som dominerer i fangstrapportane. Med regnet den siste perioden har det vore gode fiskeforhold, og det har vor bra med fiskarar å sjå langs elva.**

Det har vore god fangst. Einskilde dagar har det vore rapportert inn 10-11 fiskar, og det er eit godt tal med dei begrensningar som er. Det vert selt max. 10 fiskekort dagleg i tillegg til grunneigarkorta. Fiskarar vi har snakka med seier at det er mykje fin fisk i elva. Mange av fiskarane er tilreisande.

Det har i seinare tid vore teke mykje fin laks frå 3 kg og oppover. Det er landa 11 fiskar som har vore 5 kg eller meir, og det største fisken til no var 6,2 kg. Den tok Knut Inge Eidsvik på sluk på Haugland den 27.juni. Største auren til no er 2,2 kg og den vart teken av Per Bruvold like etter opninga. Det vert fiska både med floge, sluk og mark i elva.

Svært gledeleg er det også at det vert rapportert at innslaget av oppdrettslaks blant fangsten har vore minimalt

Opplysningar om fiskeregler, kjøp av fiskekort og rapportering finn ein på [elveeigarlaget si heimeside](#). Det er viktig at alle er nøyne med rapportering av fangst slik at elveeigarlaget kan bruka det som eit godt grunnlag for forvaltningsarbeidet av elva.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland